



Statens vegvesen

KJELL HARALD NEDREAAS
ASKELANDSVÅGEN 58
5993 OSTEREIDET

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
18/159603-6

Dykkar referanse:

Vår dato:
03.06.2019

Ber om utfyllande opplysningar – Skogbruksavkøyrslø – Fv. 394 – gnr. 16 bnr. 1 – Lindås kommune

Vi viser til søknad om skogbruksavkøyrslø frå fv. 394 til gnr. 16 bnr. 1 mfl. i Lindås kommune.

Vi vil først seie oss lei for den lange saksbehandlingstida i denne saka. Vi har hatt som mål å prosjektere ei avkøyrslø, men vi har dessverre ikkje kapasitet til å utføre denne tenesta lenger. Dette arbeide må difor overførast til søkjar sjølv å utføre.

Vi meiner det er positivt at fleire grunneigarar går saman og vi vil i utgangspunktet vere positiv til at det vert etablert ei felles avkøyrslø i området. Vi ser likevel at det kan vere krevjande å få til ein tilfredsstillande løysing med valte plassering og vi vil framleis oppmode til å vurdere alternative plasseringar innanfor strekninga som kan vere meir føremålstenleg. Utfordringane med staden som er valt, er mellom anna at fylkesvegen er svært smal, og at ein ny skogsveg krev store terrengmessige inngrep.

Søkjar må sjølv prosjektere ei løysing som viser ei tilfredsstillande utforming av avkøyrslø, og som også viser svingradius og breidde i avkøyrslø (ikkje vist på tilsendte teikning). Det må visast sporing i avkøyrslø etter dimensjonerande køyretøy som skal nytte avkøyrslø. Etter vår vurdering må ein rekne med at det må utførast tiltak på fylkesvegen for å kunne manøvrere store køyretøy inn og ut av avkøyrslø.

Vidare skal skogsvegen gå nærast parallelt med fylkesvegen retning nord. Dette terrenget er relativt bratt og det er fleire bekkefar og vannvegar i terrenget med god vassføring. Vi kan ikkje tillate inngrep i terrenget som aukar faren for flom, ras og utgliding av terreng ned mot fylkesvegen. Vi spør om det er utført vurderingar for desse temane. Den vidare prosessen må vise heilt tydeleg korleis drenering vert handtert på langs den nye skogsvegen og lang fylkesvegen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vi ber om at ny dokumentasjon vert ettersendt før vi behandlar søknaden. Det vil og vere nyttig å få tilbakemelding på korleis Lindås kommune stiller seg til omsøkte tiltak.

Det må opplysast om kva bruk ein forventar, under dette driftstid på tømmeruttaket, om den eksisterande avkøyrsla skal stengast, eller om det skal setjast opp bom ved den nye avkøyrsla.

Vi oppmodar om å ta kontakt dersom det er spørsmål knytt til innhaldet i dette brev.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ